



Arkivnr: 2015/2177-7  
Saksbehandlar: Hans Inge Gloppen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		26.08.2015

### **Klage på vedtak om avslag på tilskot til «NyGiv i sauehaldet i Hordaland 2015-2016» (RULL-midler, søknadsnummer: 2015-0037)**

#### Samandrag

Hordaland Sau og Geit (HSG) er eigar av prosjektet «NyGiv i sauehaldet i Hordaland 2015-2016». Prosjekt-eigar søkte våren 2015 om 350.000 kroner i RULL-midler for å finansiera ny prosjektperiode i 2015 og 2016. Samla sett vart det i denne tildelingsrunden så mange søknader, at det vart søkt om meir tilskotsmidlar enn den summen som var til utdeling. Søknaden frå HSG vart ikkje prioritert, og fekk avslaget som no er klaga inn for fylkesutvalet.

#### Forslag til vedtak

Vedtaket om avslag på søknaden om tilskot til prosjektet «NyGiv i Sauehaldet i Hordaland 2015-2016» vert oppretthaldt. Avslaget vert grunngjeve med at det våren 2015 kom inn søknader om RULL-midler som samla sett langt oversteige summen av tilskotsmidlar til utdeling.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 29.07.2015**

Her startar saksutgreiinga

**Bakgrunn**

Hordaland Sau og Geit (HSG) er eigar av prosjektet «*NyGiv i sauehaldet i Hordaland 2015-2016*». Målsetjinga med prosjektet er å auka produksjonen av kvalitetslam i Hordaland, samt få meir kompetanse, motivasjon og aktivitet i næringa. HSG har tidlegare søkt om RULL-midlar og fått løyving til dette prosjektet både i 2013 og 2014. Prosjektet har også fått BU-midlar i perioden 2013-2015. No ynskjer HSG å utvida prosjektperioden, og prosjekteigarar søkte i februar 2015 om 350.000 kroner i RULL-midlar for å finansiera ny prosjektperiode i 2015 og 2016. Resten av kostnadene på totalt 1.050.000 kroner over to år, er tenkt finansiert med BU-tilskot på 150.000 kroner og eigeninnsats på 550.000 kroner.

Då søknadsfristen om RULL-midlar våren 2015 gjekk ut 15. februar, var det så mange søknader i høve til tilgjengelege midlar at det måtte prioriterast. Med utgangspunkt i årsmeldinga til HSG for 2014 vart det vurdert at prosjektet hadde overskot og unytta midlar som kunne finansiera vidare aktivitet i prosjektet utover våren 2015. Søknaden var difor ikkje prioritert og fekk avslag. Dette vart varsla med e-post til HSG v/leiar Nils Inge Hitland 17. mars 2015, og formelt i avslagsbrev til HSG datert 10. mars 2015.

Med utgangspunkt i avslagsbrevet 10. mars 2015 klaga HSG på avslaget via e-post 2. april 2015. I klagen vert det framheva at prosjektet «*NyGiv i sauehaldet i Hordaland*» har hatt stor aktivitet i 2013 og 2014, og at HSG no ser no resultat av prosjektet og ønskjer å forlenga det med eitt år. Den første tida var HSG usikker på om tilgjengelege midlar ville strekka til, og det meste vert utført som eigeninnsats frå HSG, FMHO, Nortura og Fatland. Dette gav høg og god aktivitet med eit relativt nøkternt budsjett. HSG konkluderer med at prosjektet har lukkast og ynskjer difor å halda oppe «trykket» for å sikra langtidseffekt. I dette ligg det og auka aktivitet i prosjektet, og derav trong for støtta som RULL-midlane vil gje.

**Fylkesrådmannen si vurdering**

Våren 2015 kom det inn søknader om RULL-midlar som samla sett langt oversteig summen av tilskotsmidlar til utdeling. Det måtte difor prioriterast mellom søknadene. Dette var gjort ved at alle søknader om RULL-midlar først vart handsama av ein rådgjevande komité med representantar frå Hordaland bondelag, Hordaland bonde og småbrukarlag, Fylkesmannen i Hordaland si landbruksavdeling, Innovasjon Norge, Opplæringsavdelinga ved Hordaland fylkeskommune og Regionalavdelinga ved Hordaland fylkeskommune. Fylkesdirektøren for regional utvikling baserte i utgangspunktet vedtaket sitt på innstillinga frå denne komiteen, og følgde dermed tilrådinga frå fagetatar og landbruksinteresser.

I klagen frå HSG kjem det ikkje fram ny informasjon som gjev grunnlag for å endra vurderingane som er gjort i denne saka, og fylkesrådmannen ser dermed ikkje noko grunnlag for å gje klagar medhald. Fylkesrådmannen gjer også merksam på at der er ny tildeling av RULL-midlar hausten 2015, og at klagar då kan søkja på nytt om finansiering av dette prosjektet.